



Mange engasjerte tilhørarar på møtet i UU onsdag.

**På møtet i Uskedal Utvikling i kveld var utbygginga av Tverrelva kraftverk tema. Frå SKL møtte prosjektleiar Jarle Kjellesvik og byggeleiar Svein Egil Heimvik. Det var i overkant av 20 frammøtte, og dei fekk god og interessann informasjon om denne kraftverksutbygging som vert rekna for å vera stor i småkraftsamaheng.**



Byggjeleiar Svein Egil Heimvik svarte godt på spørsmåla om utbygginga.

Prosjektleiar Kjellesvik innleia med informasjon om utbygginga frå tidleg planleggingsstadiet og fram til anlegget skal vera ferdig. Gjennom bilde, tekst og plansjar gav han informasjon som var så interessann at underteikna gløymde fotografering heil til Kjellesvik hadde forlate møtet for å nå ferja på veg heim til Haugesund. Årsproduksjonen frå Tverrelva kraftverk vil dekke heile 950 hus så det er eit forholdsvis stort småkraftverk, Røyrgate som vert graven ned frå kraftstasjonen på Haugland og opp til boreholet er 430 m. Boreholet er 690 m langt, medan det er 400 m open kanal frå boreholet og opp til Mannsvatnet.

Han kunne fortelja at boringa hadde gått veldig fint, og at arbeidet elles hadde gått bra. Gledelig var det også å høyra at dei i stor grad har nytta lokal arbeidskraft. Både Byggservice AS, Haugland Maskin, Energi Teknisk og Reins Maskinering er blant dei som har hatt arbeid under utbygginga.

Fram til 30.november har dei hatt løyve til å senka vasstanden i Mannsvatnet. No er den tilbake til LRV, og den vil ikkje bli senka meir no. Derimot vart det sagt både frå SKL og frå tilhøyrarar at vasstanden i vatnet ville verta mindre variabel enn tidlegare. Framdrifta framover er litt usikker pga verforbehold. Siste dagane har lågt skydekke hindra helikopterfyring. I februar/mars skal kraftverket vera klart til prøvekjøring, og oppstarten er sett til i slutten av mars. Då vil det ikkje vera ferdig med 'oppussingsarbeidet' oppe på fjellet. Det må av naturlege årsaker venta til det har tørka meir opp utpå våren.

Det siste var også det dei fleste som sa noko i siste del av møtet, var opptatt av. Fleire sa at dei syntes utbygginga hadde medført styggare sår i naturen enn dei hadde venta på førehand. Byggjeleiar Heimvik kunne fortelja at dei sette alt inn på at det i så stor grad som mogeleg skulle bringast tilbake til det opphavslege, og det meinte Heimvik at erfaringar frå tidlegare anlegg viste at dei skulle klara. Han sa også at dei i den fasen til våren ville knyta til seg lokalkjende og turfolk i det arbeidet for at det skulle verta best mogeleg. På spørsmål kunne han fortelja at det var vanleg at revegetering i den høgde tok 5 år med dei tiltak dei gjorde.

Fleire av dei som i utgangspunktet var kritiske, og som eg snakka med etter møtet, gav uttrykk for at dei hadde fått sakleg og god informasjon frå dei to frå SKL. Det var tydeleg at dei har eit sterkt ønskje om å levera området på fjellet frå seg i same stand som det var.

Eit annan ting som fleire spurde etter, var utnyttinga vatnet frå vassåra som dei trefte på under boringa. Det er så interessant at vi kjem tilbake til det som eiga sak.



[Det var eit positivt og informativt møte.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland